

Til  
alle funksjonærer

## **EQUINOR NORGESCUP, LANGELAND 12.-14. FEBRUAR 2021** **Førde IL/ Gaular IL**

Norgescupen på Langeland nærmar seg med stormskritt, og det er svært gledeleg at arrangementet begynner «å ta form».

Vi er i ei spesiell tid, og saman med Norges Skiforbund og lokale helsemyndigheiter gjer vi vårt ytterste for å skape så trygge rammer som mogleg for utøvarar, servicepersonell og funksjonærer. Sjølv om det vert mange restriksjonar og store avgrensingar i høve smittevern, håpar vi at alle skal føle seg godt ivaretatt, og at arrangementet går inn i historiebøkene som eit av dei mest vellukka skirenna på Langeland.

### **Her følgjer viktig informasjon til dykk som funksjonærer:**

#### **AKKREDITERING**

Alle funksjonærer får akkrediteringsvest (kvit) ved innkøyringa til stadion. ALLE må ha akkreditering før dei kjem inn på skistadion - dette gjeld frå og med torsdag morgon. Akkrediteringsvesten skal ein ha heile helga, og leverast i akkrediteringsbua på veg ut av parkeringsplassen siste dagen ein er funksjonær.

Sjå informasjon på arrangementet sine nettsider; <https://www.skiforbundet.no/forde/akkreditering/>

#### **SMITTEVERNUTSTYR**

Alle funksjonærer får lommeflaske med handsprit for heile helga, samt 2 stk. munnbind ved utlevering av akkreditering. Nye munnbind får ein ved akkrediteringsbua kvar dag (utanom opningstider hentar ein desse på rennkantoret). **Alle funksjonærer må bruke munnbind under arrangement då ein fungerer på tvers av dei ulike kohort-sonene** (sjå vedlagt kart som viser kohort-sonene).

#### **GENERELL INFO. OM SMITTEVERN**

**Arrangøren byggjer sine smitteverntiltak på følgjande prinsipp:**

- Fysisk avstand på minimum 1 meter mellom enkeltpersonar og 2 meter mellom kohortar.
- Munnbind skal brukast dersom ein ikkje klarar å halde minimum 1 meter avstand
- Avgrense antal menneske på same stad/område til kohortar og smågrupper ved godt vakthold. Vi har både ambulerande smittevernvakter og sonevakter.
- God handhygiene, korrekte hosterutinar og avgrensa hand til ansikt kontakt.
- Brot på smitteverntiltak/protokollen medfører tap av akkreditering og heimsending frå arrangementet.
- Dersom du sjølv er i karantene eller eit husstandsmedlem er i karantene, ver venleg ikkje møt opp på stadion.

Dersom du dagane før eller same dag som ankomst har kjent symptom på:

- forkjøling
- tap av lukt og smak
- mageproblemer
- andre symptom på akutt infeksjonssjukdom

**SKAL DU IKKJE MØTE OPP PÅ STADION**

Har du vore på stadion før symptoma oppsto skal du melde frå om dette til smittevernsansvarleg for arrangementet, Anders Bjørkhaug, tlf. nr. 481 89 526.

#### **Viktig info. vedr. kohortar:**

- Kohort A raud – Utøvarar
- Kohort B blå – Service og trenarar
- Kohort C kvit – Arrangør, frivillige, NSF-leiarar, TV (desse har også tilgang til raud sone)
- Kohort D grøn – Presse

Sjå vedlagde kartskisse (kohortsoner) for nærare oversikt.

Det vil vere eigne toalett for kvar kohort, garderobar og dusj er stengt, men løparar kan skifte til tørt tøy i garasje (bygget til rennkantoret) på arena.

#### **E-læringskurs i smittevern:**

Før vi gjennomfører arrangementet skal alle frivillige gjennom ei minimumsopplæring.

I opplæringa blir det gitt råd og anbefalingar for korleis arrangementet vert gjennomført, i tråd med dei generelle anbefalingane for førebygging av smitte og kvar enkelt si åtfærd.

**Alle funksjonærar er difor pålagt å gjennomføre NIF sitt koronavettkurs;**

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/koronavirus/koronavettkurs/>

(Det tek ca. 10 min. å gjennomføre kurset).

#### **SIKKERHEITSPLAN**

Vedlagt finn de arrangementet sin *Sikkerheitsplan*.

Her finn de viktig informasjon som m.a. omhandlar lege/ sanitet, brannvern, sikkerheit, varslingsplan og viktige telefonnummer.

#### **VELKOMMEN TIL ALLE FUNKSJONÆRAR**

Vi er i eit miljø der absolutt alt vert gjort på dugnad, og på vegne av org. komiteen for NC 2021 vil eg takke dykk alle for innsatsen de legg ned for langrennsmiljøet vårt.

Det er den frivillige innsatsen som definerar eit idrettsarrangement, og som får gjestane til å føle seg velkomne.

Eg håpar de møter alle med eit smil - utan dykkar entusiasme og engasjement er det ikkje mogleg å invitere langrenns-norge til skirenn på Langeland.

På vegne av org. komiteen for Equinor Norgescup 2021 ynskjer eg alle funksjonærar hjarteleg velkommen til spennande skidagar.

Programhefte for Equinor NorgesCup 2021 finn de vedlagt.

Øvrig informasjon om arrangementet finn ein på; [www.skiforbundet.no/forde](http://www.skiforbundet.no/forde)

Velkommen!

**Helsing**

**Equinor NC 2021, Langeland**

**Yngve Thorsen**

**Leiar/ org. komiteen**

**Mobil 90 80 25 75**